



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/944

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INFORMASJONSBROSJYRE OM NOTFISKE ETTER LAKS - "LAKSGILJO"

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Laksagiljo
Kostnad med utvikling av brosjyre - Laksegiljo

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Laksegiljo», ved Geir Magne Gammersvik, får tildelt kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til utarbeiding av brosjyre om notfiske som tradisjon og kultur i fjordane kring Osterøy.

Tilskotet utgjer 65 % av budsjettert kostnad. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Ved eventuell momsrefusjon, vert kostnaden eks mva. lagt til grunn.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 20/2022

BYG - Behandling:

Samråystes vedtak.

BYG - Tilråding/Vedtak:

«Laksegiljo», ved Geir Magne Gammersvik, får tildelt kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til utarbeiding av brosjyre om notfiske som tradisjon og kultur i fjordane kring Osterøy.

Tilskotet utgjer 65 % av budsjettert kostnad. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Ved eventuell momsrefusjon, vert kostnaden eks mva. lagt til grunn.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

«Laksegiljo» er ein interesseorganisasjon for å formidle og ta vare på kulturen knytt til notfiske etter laks i fjordsystemet kring Osterøy.

Organisasjonen søker om kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å lage brosjyre om fjordfisket.

Kommundirektøren finn at tiltaket er innanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, og gjer framlegg om å løyve kr. 10 000,- i tilskot til informasjonstiltaket.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- i tilgjengelege midlar til fordeling ved gjeldande søknadsomgang.

I søknad av 29.08.22 søker «Laksegiljo», v/ Geir Magne Gammersvik, om kr. 10 000,- til å utarbeide ein brosjyre om notfiske etter laks og sjøaure kring Osterøy, inkludert fjordane og grendene i Vaksdal kommune.

«Laksegiljo» er etablert for å ta vare på og formidle kulturen knytt til laksefiske i fjorden. Organisasjonen har stor oppslutnad hos noteigarar/grunneigarar i Vaksdal kommune.

Organisasjonen sitt mål er å hindre forfall og å sikre laksegiljene sin utsjånad/funksjon, og det ligg føre planar om arbeid på dei 9 giljene i kommunen. I tillegg vert det lagt vekt på å skape merksemrd om den lokale historia som fjordfisket representerer, og å leggje til rette for opplevingar i reiselivssamanheng, mellom anna ved guida turar og kunnskapsformidling.

Brosjyren det vert søkt om stønad til, vil ta for seg dei nemnde forholda, mellom anna reiselivsdelen, med omvising på giljene.

Budsjettet i søknaden viser følgjande kostnadar:

- | | |
|--|---------------|
| · Førrearbeid brosjyre, 30 t, a kr 250,-/t | : kr. 7 500,- |
| · <u>Trykking</u> | : kr. 8 000,- |
| · SUM | : kr. 15 500, |

Det er søkt om kr. 10 000,- i finansiering frå Bygdeutviklingsutvalet (65 %), medan kr. 5 500,- er eigen/annan finansiering (35 %).

Formelt grunnlag:

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet”, vedtekne 26.05.20:

Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert å ha naudsynt innhald for saksverdning og vedtak.

I følgje retningslinjen skal bygdeutviklingsmidlane mellom anna leggje til for engasjement og opplevingar lokalt. I dette høvet kan det mellom anna løvast midlar til informasjonsmateriell som formidlar kunnskap og fremjar aktivitet.

Kommunedirektøren finn at søknaden frå «Laksegiljo» fell innanfor føremålet med midlane. Grunngjevinga er at giljene utgjer ein viktig kulturhistorie, med formidlingverdi som bygdesamfunna identifiserer seg med. Laksefisket i fjorden representerer soleis ein viktig tradisjon, og kulturplanen for Vaksdal peikar på giljene som viktige å ta vare på. Giljene representerer soleis noko særmerkt for kommunen.

Det at grunneigarane no engasjerer seg i vøle/ta vare på laksegiljene, vert òg vurdert å ha verdi i reiselivssamanheng. Grendene langs fjorden, til dømes Stamnes, er kjende for desse installasjonane,

som i seg sjølv kan føre til ønskje om å vitje området. I dette høvet vert det enkelte stader lagt til rette for guida turar, som grunnlag for ytterlegare aktivitet, noko som brosjyren vil informere om.

Retningslinene for bygdeutviklingsmidlane seier at ein skal ta omsyn til geografisk fordeling. Søknaden om midlar til brosjyren, inkluderer fleire grender, og det er gjeve midlar til tiltak i desse områda, tidlegare. Med bakgrunn i søknadssummen og tiltaket sin karakter, vurderer ikkje Kommunedirektøren dette til hinder for ny tildeling.

Kommunedirektøren går inn for å løyve kr. 10 000,- i tilskot til «Laksegiljo», for å lage informasjons-brosyre om notfisket i fjorden. Løyvinga er knytt til kr. 15 500,- som godkjend kostnad, og utgjer 65 % i tilskot.